

MÅNADBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 3 2025. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I disse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

Mørketall for militære klimautslipp

Det handler om våpenproduksjon, drivstoff, transport, skogbranner utløst av sprengstoff, ødeleggelse av boliger, fabrikkar og infrastruktur, oljebrønner i brann og mengder av andre ødeleggelser i krigene i Palestina, Ukraina, Sudan, men også krigshandlingar og militær aktivitet andre steder i verden, som Joint Viking med 10.000 innflydde soldatar frå ni Nato-land i nordre Nordland og sørlige Troms når dette blir skrevet. Alt fører til klimautslipp.

Hvor store er utslippene? Det korte svaret er: Ingen vet. Mens land forplikter seg til å oppgi til FN klimautslipp frå industri, matproduksjon, bygging og transport, er det frivillig om de vil rapportere frå militær aktivitet. Det ble sagt i Kyoto i 1997 og igjen i Paris-avtalen i 2017. Begrunnelsen er at informasjon om energibruk til militær aktivitet kan undergrave nasjonal sikkerhet. Noen land forsøker å rapportere alt, andre unngår å rapportere, og andre igjen, trolig flertallet av land, underrapporterer. Alle oppgitte tall må tas med forbehold, og forskere fortviler.

Blant de forskningsmiljøene som har forsøkt å regne seg fram til totalutslipp, er klimaforskere i *Scientists for Global Responsibility*, Forskere for globalt ansvar. To av de fremste forskerne der publiserte i 2022 en rapport som estimerte klimautslippene frå militær aktivitet. «Datamaterialet for militære drivhusutslipp i verden er oftest av lav kvalitet, ofte ufullstendig, gjemt i sivile kategorier eller ikke samlet inn i det hele», skrev de og viste til at Det internasjonale klimapanelet knapt nok er i stand til å diskutere militære utslipp.

Forskerne forsøker likevel å estimere samlede utslipp ut frå informasjon frå de landene som gir noenlunde komplette opplysninger. Én metode de bruker, er å regne ut gjennomsnittlig klimautslipp per militær person og multiplisere tallet med antallet militære. Utrekningene viser store variasjoner mellom land, således mer enn dobbelt så høye utslipp per person i USA som i Storbritannia og Tyskland. Høye utslipp i USA har å gjøre med aktiv krigsdeltaking, lange avstander med nesten 800 militærbasar rundt om i verden og mer krigsutstyr.

Frå disse tallene ekstrapolerer forskerne til andre land i omtrent lignende situasjon og til globale forhold. Samlet kommer forskerne til at klodens militære klimautslipp utgjorde 5,5 % av totale utslipp i 2019, noe mindre enn utslipp frå verdens personbilar. Da regner de ikke inn følger av krigshandlingar på naturen, som skog- og husbranner, ødeleggelse av infrastruktur og økosystemer eller gjenoppbygging etter ødeleggelse av infrastruktur. Tallet utelater også usikre faktorer eller tillegg-faktorer som eksosgasser i stratosfæren. En vurdering av fire forskere, presentert i bladet *Nature* i november 2022, konkluderer med mellom 1 og 5 % av samlede utslipp, men forskerne presiserer at mange faktorer ikke er tatt med.


Utrekningene, også den som ender i tallet 5,5 %, er gjort for de siste årenes storkriger i Ukraina og Palestina. En rapport frå den nederlandske karbonutslippseksperten Lennard de Klerk anslår at det første året av Ukraina-krigen førte til en netto økning på 120 millioner tonn klimagasser i atmosfæren, 2 ½ ganger totale norske utslipp på et år.

Forskerne nevner også at ubemannede luftfartøyer, droner, fører til utslippsreduksjoner sammenlignet med tidligere benyttet krigsmateriell. Vurderingene gjelder bare produksjon og bruk av krigsvåpenet. Når våpenet kan fjernstyres og ikke trenger mennesker om bord, kan det frakte mer sprengstoff. Dersom eksplosivførende droner ødelegger boliger, broer, veier og demninger og disse må gjenoppbygges, blir også utslippsomfanget større enn ved konvensjonelle våpen.

I rapportene til FN's klimapanel fører de fleste land for eksempel militær drivstoffbruk under kategori *1.A.5 Andre, ikke spesifiserte utslipp*. De opererer med følgende seks utslippskategorier: Sannsynlige utslipp minst ti ganger høyere enn rapporterte data, minst 5 ganger høyere, minst to ganger høyere, noe høyere, ingen kjent forskjell og kategori seks umulig å sammenligne. FN's klimapanel forsøker nå å få stater til å rapportere sine militære klimautslipp hvert år, og de utarbeider globale kart med data for enkeltland.

I forskningsmiljøer i mange land regnes det nå på klimautslipp frå militær aktivitet, og det er grunn til å tro at i løpet av noen måneder vil vi vite langt mer om omfanget.

Kilder: Sarah McFarlane og Valerie Voldovici: Accounting for war – Ukraine's climate fallout, rapport 6. Juni 2023; Scientists for Global Responsibility: Estimating the Military's Global Greenhouse Gas Emissions, rapport November 2022; www.militaryemissions.org



ØKT FORSTÅELSE FOR INTERNASJONALT ENGASJEMENT



Norsk bonde- og småbrukarlag er med i den globale bevegelsen *La Via Campesina*. Dette er verdens største bondebevegelse, med om lag 220 millioner medlemmer, bønder og småbønder, fiskere, landarbeidere, jordløse og nomader.

La Via Campesina har i alle år arbeidet for å få gjennomslag for at matsuverenitet skal være ramme for internasjonal mat- og landbrukspolitikk og ikke fri handel. Matsuverenitet er en nasjons rett og plikt til å fø sin egen befolkning så langt de har ressurser til det. Matsuverenitet er den politiske ideologien, mens metoden for å produsere denne maten er agroøkologi. Hovedprinsippet er at man skal bruke egne ressurser til å produsere nok og sunn mat til sin befolkning, mens man tar hensyn til jordhelse, luft, vann og natur forøvrig.

FAO (FNs mat og landbruksorganisasjon) uttalte i 2016 at om alle land produserte sin basismat på agroøkologiske prinsipper, så ville det være et godt hjelpemiddel til å redusere global sult og fattigdom.

Agroøkologi er ingen autorisasjon, men en retning. Agroøkologi støtter økologisk landbruk, permakultur, biodynamisk og regenerativt landbruk. Det er en mulighet for alle bønder å finne sin plass i et agroøkologisk landbruk ut i fra de forutsetninger som garden har.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har tatt inn agroøkologi i sin politiske plattform.

Jeg har vært med i internasjonal arbeid i NBS siden 2014, med noen unntaksår. Vår deltakelse i LVC er i stor grad tufta på ønsket om å vise solidaritet med de deler av verden som ikke er så heldige økonomisk. Min følelse har vært at dette ikke har vært prioritert arbeid. Det viktigste har vært nasjonal politikk og jordbruksforhandlingene. Dette har også gjennomsyret all nasjonal politikk hvor nasjonale politikere argumenterer for at norsk matsikkerhet skal baseres på fri handel.

Men noe har skjedd. Etter koronapandemien og krig i Europa, samtidig som det har oppstått usikkerhet om etablerte handelsregimer er til å stole på, har stadig flere kommet til at det å produsere egen mat er vesentlig for nasjonal sikkerhet. Matproduksjon betyr mer for nasjonal sikkerhet enn f.eks. produksjon av vaskemaskiner. Forsvaret har i en årrekke argumentert

for å øke norsk matproduksjon. De ser det som kritisk for vår forsvarsevne om vi ikke øker selvforsyningsgraden.

AP/Sp-regjeringen tok inn i sin regjeringserklæring at norsk selvforsyning skulle øke fra dagens om lag 40 % til 50 %. Kanskje ikke spesielt ambisiøst men det har likevel vist seg svært vanskelig å få til. Det er interessant å legge merke til at Finland har om lag 80 % selvforsyning. Det har selvsagt sin bakgrunn i Finlands historie og naboskap med Russland.

Dette er et paradigmeskifte som også legges merke til i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Under landsmøtet i 2024 omhandlet 2 av 3 uttalelser norsk matsikkerhet og hvordan vi skal få rammevilkår som gjør at vi kan produsere mer av maten vår selv. Nå blir begrep som matsuverenitet og agroøkologi nyttige og viktige begrep. Når vi nå ber om økt beskyttelse ved grensene, er det ikke i hovedsak et behov for norske bønder, men det er viktig for at vi skal få økonomiske rammer for å produsere mer av maten til vår egne befolkning, mens land med overskudd på mat må arbeide for at overskuddet går til de delene av verden hvor man ikke har ressurser til å produsere mat til egen befolkning. Det er et globalt ansvar å redusere sult og fattigdom, også for oss her i den rike delen av verden.

Norsk bonde- og småbrukarlag har med vår historie og kunnskap om internasjonale forhold en fordel som vi må bruke når vi nå skal tufte en ny politikk med økt selvforsyning.

Stein Brubæk – leder Internasjonal utvalg NBS

Hvordan kan mobilitet bidra til bærekraftig arealutnyttelse under klimastress?

Norsk bonde- og småbrukarlag har nylig signert en intensjonsavtale med Christian Michelsen's Institutt (CMI) om å delta som en ikke-akademisk partner i et forskningsprosjekt som handler om hvordan mobilitet/migrasjon kan hjelpe bønder i Nepal og Uganda til å tilpasse seg klimaendringer og finne bærekraftige måter å utnytte sine landressurser. Søknad om finansiering fra Norges forskningsråd ble sendt for noen uker siden.

En av de dystre konsekvensene av klimaendringene vi allerede ser konturene av, er at de vil gjøre store områder

i verden ubeboelige, i den forstand at tradisjonelle leveveger ikke lenger blir mulige der. Slike endringer forventes å føre til massive flyktningsstrømmer med de uheldige følger det kan få. Men forskningsprosjektet til CMI tar en annen vinkling på dette: kan mobilitet skape nye muligheter for bønder i områder som rammes av ugunstige klimaendringer, slik at de kan tilpasse seg og finne nye, bærekraftige måter å overleve på?

Eksisterende migrasjonsforskning har for det meste sett på økonomiske drivkrefter bak migrasjon, som dårlige

jobbmuligheter på migrantenes opprinnelsessted og bedre jobbmuligheter dit de drar. Den dominerende flyttestrømmen som kan observeres i hele verden, er den som går fra bygd til by, og forbindes med industrialisering og modernisering av økonomien. Klimaendringer som drivkraft er et nyere fenomen, og har for det meste fokusert på hvilket press økt migrasjon vil føre til på økonomien i byene. Men hva er konsekvensene av denne flyttestrømmen for bygdene? Og er de nødvendigvis bare negative?

Fraflytting fra bygdene begynner

gjerne med at enkelte familiemedlemmer i gardbrukerhusholdninger finner seg arbeid utenfor landbruket og begynner å pendle ut. Dette utvikler seg så til stadig større avstander og lengre fravær fra garden, noe som reduserer tilgjengelig arbeidskraft i landbruket. Etter hvert blir bruk fraflyttet og nedlagt. Dette er en negativ spiral. Men migranter kan også være en ressurs for disse husholdningene. Når ungdom flytter ut, fører det til tap av arbeidskraft og kunnskaper om gardsdrift, men de som senere flytter tilbake, tilfører kanskje bruket ny kunnskap som kommer gardsdrifta til gode. Familienmedlemmer som bor borte fra hjemmet, overfører gjerne penger som hjelper familien til å overleve og kanskje

finne nye måter å livnære seg på der de er. Muligheten for at migranter slik kan skape positive ringvirkninger for landbruket og bygdesamfunn har det vært forsket lite på. Vi kan alltså tenke oss til mange måter det kan skje på, men i hvilken grad skjer dette i virkeligheten? Det er hva CMI sitt forskningsprosjekt skal dokumentere.

Prosjektet er tverrfaglig og skal bruke mange ulike forskningsmetoder, som spørreundersøkelser, vurdering av hvordan landbruksareal blir skjøttet ved hjelp av arealanalyser der før- og nåsituasjonen kartlegges gjennom spørreundersøkelser, markvandringar og satelittbilder, dybdeintervju for å kartlegge enkeltpersoners livshistorier, m.m. NBS skal delta i styringsgruppe-

møter og møter med interessentgrupper, ha dette prosjektet som tema på et landsmøte i NBS, være medarrangør på et seminar om utfordringene knyttet til klimaendringer, arealutnyttelse og migrasjon blant norske bønder, være medarrangør på en avsluttende konferanse sammen med CMI, og gjøre vårt nettverk tilgjengelig for formidling av resultater. Til slutt skal vi dele relevante nyheter fra prosjektet på våre websider og nyhetsbrev. Men alt dette avhenger av finansiering. Vi krysser fingrene!

Heidi Hogset, Internasjonalt utvalg
NBS

Ei verd av oligarkar og fattigfolk?

Året var 1942, krigen herja og tyske kampfly sleppte sine bombelaster over England. I biblioteket i den eldgamle Jomfru Maria-kyrkja i Oxford møttest ei gruppe kvekarar, sosialaktivistar og akademikarar for å finne ut om dei kunne gjere noko for å hjelpe dei stakkars okkuperte innbyggjarane i Hellas mot svolt, *famine* på engelsk. Dei danna Oxfam, Oxford-organisasjonen mot svolt. Dei samla mat og pengar og starta bruktbuikk. Oxfam vart ei nasjonal kjede og etter kvart internasjonalt og ein av verdas fremste hjelpeorganisasjonar, no med avdelingar i over 20 land og internasjonalt sekretariat i Nairobi i Kenya. Attåt hjelpearbeid med forsyning av mat og drikke, klede og medisinar analyserer dei globale forhold og hjelpebehov.

Tidleg på nyåret i år gav Oxfam ut den nesten 100 siders rapporten TAKERS, NOT MAKERS. På norsk kunne me kalle rapporten *Dei tek, dei lagar ikkje*. Undertittelen kan me omsetje til *Kolonialismens urettvise fattigdom og arbeidsfrie rikedom*. Rapporten er ein skarp og grundig gjennomgang av ei verd der eit fåtal rike blir stadig rikare og fattigdommen til fleirtalet heller veks enn minkar.

Dei styrtrike

Skriv eit eitt-tal med 12 nullar etter, og du har ein trillion. Men i engelsktalande land bruker dei oftast dollar som pengeining, så for å gjere


ein trillion dollar om til kroner må du setje til endå ein null og endre det andre sifferet frå null til eit-tal eller eit to-tal. Og så tenkjer du på den eine som alt no er dollar-trillionær, og at om utviklinga skal gå som dei siste åra, vil han om ti år ha fire saman med seg. Med fare for å gå surr i nullane kjem eg til at ein trillionær må ha tilsvarande 15 norske statsbudsjett. Minst.

Eller sjå på dei ti rikaste i verda i dag. Kvar av dei tente i 2024 minst 100 millionar dollar om dagen. Me kan

også skrive det slik: Viss du eller dine forgjengarar hadde spara tusen dollar, 11.000 kroner, dagleg sidan dei første menneska av vårt slag 315.000 år sidan og fram til i dag, ville du framleis ikkje nå opp mot dei 10 rikaste. Om nokon av desse ti skulle miste 99 prosent av sin rikdom, ville dei framleis vere milliardarar. I dollar.

Ja vel, men dei starta vel med to tomme hender som andre og arbeidde seg opp? Overskrifta på rapporten er altså *Takers, not Makers*, dei tek, dei lagar ikkje. Det finst folk som har arbeidd seg opp blant dei, men dei fleste har vorte styrtrike på andre måtar. Dei har arva, fått seg rike venner eller ektemakar, drive korrupsjon eller skaffa seg monopol på sal av varer eller tenester, slik at prisane kunne skruvast i vèret. Og mange av dei har fått raus statsstøtte og betalt lite eller ingen ting i skatt. 60 prosent av rikdommen kan sporast attende til slike metodar. Dei tek, dei tener ikkje. Alle mangemilliardarane under 30 år har såleis kome til rikdommen med arv, og dei styrtrike pressar land til å fjerne all skatt på arv. No er to av tre land i verda utan skatt eller avgift på arv. Anten bur rikingane i slike land, eller dei flytter til desse landa. Land som prøver å sjå opptent eige som samfunnets fellesverdi, mistar dei som har tent seg rike i desse landa.

framhald neste side



Kolonialisme/nykolonialisme

Det er uråd å forstå det som skjer no utan å sjå på dei lange skuggane frå kolonitida og korleis desse framleis finst, skriv analytikarane i Oxfam. Berre femdelen av verdas innbyggjarar bur i det globale nord, men i desse landa finst 68 % av mangemilliardæraane med i alt 77 % av verdiane. Fordi naturressursar og produksjon finst både på den nordlege og den sørlege halvula, er det uråd å forklare dette på anna vis enn med å sjå på opphoping av rikdom – og fattigdom – i kolonitida. Rapporten skildrar korleis verdiar ustansleg flyt frå globalt sør til globalt nord, eller meir presist skrive til dei styrtrike i globalt nord. Metodane no er ikkje så ulike dei frå koloniperioden. Belgiske kong Leopold hadde Kongo som sin personlege koloni, førte ein brutal politikk som tok livet av 10 millionar kongolesarar og bygde seg opp ein personleg rikdom på ein milliard dollar. Omtrent liknande fór til dømes britiske storselskap og styresmakter fram i sine mange koloniar. Mange av dei styrtrike no nyt godt av og vidarefører denne utplyndringa med vår tids metodar. Rapporten bruker ordet nykolonialisme.

I 1820, det første året data om skilnader mellom rike og fattige finst, tente dei globalt rikaste 10 prosentane på kloden 18 gonger meir enn dei fattigaste 50 prosentane. I 2020 tente dei 38 gonger så mykje. Og framleis er levealderen 15 år lågare i Afrika enn i Europa.

Internasjonale organ blir rigga slik at rike land og rike menneske har makta, les me i rapporten. Verdsbanken og Pengefondet (IMF) vart stifta 80 år sidan, den tid den historiske koloniperioden song på siste verset, men ikkje noko er gjort for å gjere dei meir demokratiske. G7-landa med mindre enn 10 % av verdas befolkning har 41 prosent av stemmene i IMF og Verdsbanken. Ein belgiar har om lag 180 gonger innverknaden i IMF til ein etiopiari. Og utan unntak vel desse institusjonane, som gir seg ut for å vere globale, europearar eller US-amerikanar til leiingar.

På same viset har det globale nord 47 % av plassane i sikkerheitsrådet i FN, men berre 17 % av verdas innbyggjarar. Og då korona-pandemien kom, forlanga IMF at fattige land skulle betale tilbake gjeld framfor å investere i vaksinar og helsestell. Vaksiner og god helsestell var og skulle vere for dei velstående.

Utrydde fattigdom?

Å utrydde fattigdom er FN's berekraftsmål nummer 1, vedteke i 2015 og med 2030 som sluttår. Men tala viser at det går feil veg. Rapporten legg til grunn Verdsbankens fattigdomsgrensa for dei fleste land på 6,85 dollar om dagen. 3,6 milliardar menneske, nesten annankvar av oss, lever under denne grensa. Talet er omtrent konstant. Andelen menneske under grensa har minka dei siste tiåra fordi det har vorte fleire av oss.

8,5 % av verdas innbyggjarar, 700 millionar menneske, lever i ekstrem fattigdom med mindre enn 2,15 dollar om dagen. Det gjeld, som med fattigdom elles, fleire kvinner enn menn, ei av 10 kvinner og ein av 14 menn.

Eit globalt mål bør vere at alle menneske skal tene 25 dollar om dagen, skriv Oxfam. Men for å nå dette må arbeidsinntektene i mange land femdoblast. Og kvar dag utfører kvinner rundt 12,5 milliardar timar av ubetalt omsorgsarbeid.

Dei siste åra har skilnadene mellom fattige og rike vorte større i dei fleste land. Fire av fem har kutta den delen av hushaldsbudsjettet som går til utdanning, helse og sosialt vern. Om ikkje dramatiske tiltak blir innførte, vil desse bli fleire i åra som kjem. Det har ikkje minst å gjere med at låginntektsland må bruke nesten halvdel av sine budsjett til å betale ned gjeld, ofte til rike private kreditorar i New York eller London.

Global plan for mindre ulikskap

Rapporten tek til orde for systematiske, globale endringar innanfor seks hovudområde:

1. Verda treng ein plan som enkeltland forpliktar seg til å setje ut i livet, for å redusere ulikskap både mellom Nord og Sør og innanfor enkeltlanda, med konkrete og tidsbestemte mål, såleis at samla inntekt for dei rikaste ti prosentane skal vere mindre enn for dei fattigaste 40 prosentane.

2. Tidlegare kolonimakter må analysere dei brotsverka mot koloniane som dei har stått for og ta på seg å reparere påviste skadeverknader.

3. Dagens globale fellesinstitusjonar som IMF, Verdsbanken og også FN, som langt på veg er dei rike sine reiskapar, må endre funksjonsmåte fundamentalt, slik at dei likebehandlar verdas land.

4. Ein ny global skattepolitikk må utarbeidast med ein FN-skatt for dei rikaste av menneske og bedrifter og mål om å redusere skilnader.

5. Sør-Sør-samarbeid og solidaritet må fremjast.

6. I tråd med artikkel 1 i FN-pakta må attverande område på kloden utan sjølvstyre få rett til lausriving og å styre seg sjølve.


Det vedkjem oss

Om me i Norge ikkje har blant verdas største oligarkar, er også vårt land og norske småbønder ein del av den globale utviklinga Oxfam skriv om, med steinrike kjede-eigarar som bestemmer matprisane slik at dei tener meir og meir og matprodusentane mindre og mindre, og med styresmakter som lyttar meir til gigantane enn til folk flest og som let seg presse i kne av truslar om utflytting.

Om me skal få ei framtid for små produsentar, bør me sjå både på Oxfams analysar og deira forslag til tiltak.

Rapporten på 97 sider på engelsk kan lastast ned frå Oxfams heimesider.

OR



Til venstre: 44 % av verdas innbyggjarar lever på mindre enn 6,85 dollar om dagen. Til høgre med motsett symmetri: Den rikaste prosenten av verdas innbyggjarar eig 45 % av all verdas rikdom. Grafikk frå rapporten.

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2025
Leiar Stein Brubæk, e-post stein359@gmail.com
Jens Erik Furulund, e-post jens-erik.furulund@gmail.com
Heidi Hogset e-post Heidi.Hogset@hiMolde.no
Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com
Olav Randen, e-post boksmia@online.no